Også minirock under Festidalen 18.07.2012




**Heller ikkje dei under 12 blir gløymt under Festidalen.**
**Dei får sleppa til og visa kva dei kan i 3 timar laurdag 4.**

**august. Det skjer i regi av Systrene Nilsen og utfordringa er å synga og dansa eit nummer som dei har laga sjølv. Ein lokal jury med 4 eller 5 medlemmer skal så kåra årets mini-rockestjerne.**
**- Vi har ein tradisjon for kåring av småstjerner her i Uskedalen, minnast dagleg leiar Karoline Neset**

Ho har allereie teke i mot dei første innmeldingane, som skal skje til telefon 91002207 eller på mail til systrene.nilsen@gmail.com.

Det blir kåring utifrå 3 kriteriar som er beste kostyme, beste sceneshow og beste opptreden. Alle får diplom og det vert delt ut fine premiar, lovar Karoline. Førebels er det ikkje klårt kven som vert programleiar.

Også dei som ikkje deltar i tevlinga får sjansen til å aktiviseera seg mellom klokka 12 og 15. Dei kan spela kubbespel eller krokett, hoppa i hoppeslott eller kose seg med mat og drikke.
Dette bør bli ein skikkeleg familiekos før laurdagskonserten tek til på Dønhaug.

Av Ola Matti Mathisen